



ENGASJERT: Rhys Evans har gjort mykje forskjellig i livet. No er han ein engasjert forskar på Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling.

Frå lastebilsjåfør til forskar

Rhys Evans har vore lastebil-sjåfør, jazzmusikar, har sin eigen matblogg og er 1. amanuensis på Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling.



ANNE BERIT HATLEM | tekst og foto
abh@jbl.no

Det kjem ein klingande latter til svar då spørsmålet blir stilt; Eg ser du er 60 år på torsdag, kan du tenka deg å vera dagens jublant?

Han seier ja med ein gong. Kanskje fordi han fødd i Canada? Rhys Evans synest me nordmenn er litt for beskjedne på eigne vegne når det kjem til slike spørsmål.

Han er ein person som byr på seg sjølv. Samtalen føregår på kontoret hans på Særheim, herfrå er det vid utsikt over Jæren. Rhys Evans ler mykje, snakkar intenst og brukar hendene for å understreka det han vil seia, på engelsk og norsk, og norsk-engelsk.

- Eg prøver å læra meg norsk, men det tek tid, og nynorsk og dialekt er vanskeleg å forstå, seier han litt unnskyldande.

Ogna har «det»

Rhys Evans kom til Norge for tre år sidan, som 1. amanuensis i bygdeutvikling på Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling. Nyleg flytta han til Ogna, og er kjempefornøgd med sin nye heim.

- Det kjennest som å bu i fe-

rieland. Naturen er fantastisk, eg har så vennlege naboar, før det hadde gått fire dagar følte eg at eg kjende alle. Tidlegare budde eg i eit byggefelt, der gjekk det fire år utan at eg vart kjend med naboane.

Han oppdaga plassen då han var på soppjakt i området, der var så vakkert med elv og store eiketre. Neste dag kom det eit hus på sal, til ein pris han kunne leva med. Han kjenner at han er på rett plass, akkurat no.

- Eg trivst på sørvestlandet, både landskap og klima liknar mykje på Vancouver der eg kjem frå, fortel Rhys Evans. Han budde utanfor byen og var mykje i skogen som unge, vart opplært til å klara seg i naturen. Seinare flytta han til Vancouver Island som ligg vest for Canadas fastlandskyst ved Stillehavet.

- Eg og dotter mi hadde nokre fantastiske sommarferiar der, me reiste ikkje utanom øya. Me var ute i båt, gjekk turar og levde ute i naturen, me hadde ikkje behov for å feriera andre stader, fortel han oppglødd.

Det var ei god tid, han oppdrog eit barn, hadde mange gode vener og treivst. I dag bur ho i USA og har to barn. Litt langt unna, men så finst scape som dei kan ha kontakt på.

- Har du oppskrifta på den retten, spurte ho faren ein dag. Etterkvart vart det fleire oppskrifter, det vart starten på matbloggen hans. I dag deler han med alle som er interessert.

- Eg lagar mat frå botn av, brukar minst mogleg industrielt produsert mat. Vi er heldige som bur midt i eit matfat der du kan få kjøpt råvarer direkte frå bonden og eg trur verkeleg på at sunn, heimelaga mat kan kurrera stress.

20 år på landevegen

Dersom boka om hans liv skulle skrivast, ville det blitt ei fargerik forteljing. Far hans kom frå enkle kår i Nord-England og immigrerte til Canada for å gje barna den sjansen han sjølv aldri hadde fått. Dei skulle ta utdanning.

- Far vart veldig skuffa då eg etter vidaregåande sa at eg ville bli lastebilsjåfør, men eg måtte ut å oppleva det verkelege livet etter 12 år på skulen, seier Rhys Evans.

I løpet av dei neste 20 åra la han bak seg 2,5 millionar kilometer på canadiske og amerikanske vegar. Han lærte mange stader å kjenna, snakka med mykje folk og såg korleis dei levde.

- Nokon av dei smartaste folka eg kjenner er lastebilsjåførar. Det hender eg saknar livet rundt, men ikkje sjølvkjøringa.

Men det er ei jobb som ikkje let seg kombinera med å vera familiemann, i 10 år køyrde han for skogsindustrien og kunne vera heime. Det var og ein grei jobb å ha på si då han tok to år på jazzskule. Han spelar gitar, bass og ukulele.

- Flott å få bruka tida på musikk, men eg fann ut at det var vanskeleg å kombinera musikkarlivet med å vera familiefar.

Han hadde vore lastebilsjåfør i 20 år før han bestemte seg for å studera ved universitet - 40 år gammal.

- Eg innsåg at eg ikkje kunne køyra lastebil resten av livet, men det tok lang tid å finna fram til at Human geography var mitt fag. Å finna ut kva som er forskjellen på Bryne og Oslo, økonomisk, kulturelt og språkleg, er ei oppgåve for

folk med min bakgrunn, forklarar han.

Europeisk

Sidan 2010 har han vore på Særheim.

- I denne jobben må du alltid ha fem-seks prosjekt på gang.

- Dreg du tilbake til Canada når du blir pensjonist?

- Eg er 60, har kanskje 10 år til med forskning, det er tid for meg til å ta karrieren til ei høgd, filosoferer han.

- Eg føler meg europeisk, eg vaks opp i den nye verda. men eg likar den gamle. Europa har så mange kulturverdiar. Fyk du tre timar frå ein stad i Canada er det same folka og språket. Gjer du det same i Europa passerer du sju språk.

- Og Norge?

- Eg elsker det trygge livet og mangel på fattigdom. Sykkelen min «forsvann» utanfor Coopen på Klepp, så viste det seg at nokon hadde plassert den i sykkelstativet. Det er slikt eg set pris på med dette landet.

Men mangelen på fattigdom kan òg hemma kreativiteten, meiner Rhys Evans.

- Regjeringa gjev deg jobb dersom du blir arbeidsledig, kanskje kan ein bli litt sjølvtilfreds når ein har det så godt.

Om eit lite døgn set han seg på flyet til Frankrike der han har eit prosjekt med ungdom som har droppa ut av skulen. Sjølv dagen feirar han med ein liten krets av vener. Laurdag inviterer han sine norske vener til mexikansk mat på Ogna, heimelaga, sjølv-sagt.